

Hardanger Kunstlag  
Postboks 27, 5778 Utne  
Org nr. 918 158 529



Harding Puls  
Vikøyvegen 408  
5600 Norheimsund  
Org nr. 971 358 130

Prosjektkonto: 3530.22.14512

Til  
Hordaland Fylkeskommune

## Søknad om støtte til ODDArT 2018, med kr. 50.000

Ansvarleg arrangør er kunstnarorganisasjonen Harding Puls og Hardanger Kunstlag. Begge organisasjonane er aktørar for heile regionen på tvers av kommunegrensene.

Samarbeidspartar i prosjektet ODDArT er Odda Kunstforening, OddaBy og Odda kommune. Dette nye samarbeidet mellom profesjonelle kunstnarar, representantar for publikum, næringsliv og kommunen hadde sin fyrste utprøving i Odda fredag 25. august og laurdag 26. august i år.

Kunsthendinga i Odda gav grobotn og idear for vidare utvikling av prosjektet dei neste 2 åra. Dei ansvarlege arrangørane har til no sett opp viktige punkt for vidare arbeid.

- 1) Satsa vidare på utstilling og spesialtilpassa installasjonar i vindauge pluss i ledige i lokale. Harding Puls og Hardanger Kunstlag må ha eit personleg møte med næringslivet i Odda, og ikkje minst møte med kvar butikkeigar som vil delta for å avklara bruken av vindaugo. Målet er at mange fleire butikkar set av plass til kunstutstilling og installasjonar og at kunstnaren kan få tildelt vindauge og kontaktperson i god tid for å planlegge sin del. Neste gong må det myldra av kunstuttrykk både inne og ute i gata til gleder både for publikum som kjem fordi dei er kunstinteressert, men og for dei som tilfeldig er innoom gågata og områda rundt. Det må og marknadsførast for dei utanlandske turistane som det er mange av i Odda på denne tida.
- 2) Musikk og demonstrasjonar i gågata.
- 3) Guida kunstvandring
- 4) Workshop for kunstnarane, for eksempel i samarbeid med smia på Smelteverkstomta
- 5) Fagleg debatt
- 6) Konsertar i Sentralbadet Litteraturhus.
- 7) Opplagg for born i samarbeid med kulturleiinga i kommunen.

### **INVITASJON av kunstnarar**

Alle kunstnarane i Harding Puls får invitasjonen og oppfordring til å delta. I tillegg vil me invitera med oss andre kunstnarar utanfrå som me synes er interessante og passar inn i konseptet. Det er i Harding Puls si ånd å invitere med gjestekunstnarar.

### **Kva skal til for å gjere prosjektet attraktivt for kunstnarane å delta**

Utstillingsvederlag og honorar til alle som deltek, både biletkunstnarar og musikarar, forfattarar og så vidare, pluss dekkja reise og logi.

Det er ikkje all kunst som er salgbar og det er vanlegvis vanskeleg å få selt so mykje at det dekker kostnadane til kunstnarane som vil delta, difor er utstillingsvederlag viktig.

### **Fagleg utbyte med å vera i Odda fleire dagar**

Opne faglege debattar er interessant både for publikum og for kunstnarane.

Workshop vil vera interessant for mange av dei kunstnarane som deltek, men vil også vera interessant for publikum som bør få høve til å fylgje med i arbeidsprosessen.

Resultata av Workshop kan visast på Smelteverkstomta fram til og med til Litteratursymposiet.

### **Målet med prosjektet**

Målet med eit slikt arrangement er at kunstlivet i Hardanger og mangfaldet me representerer skal verte meir synleg og tilgjengeleg både for fastbuande og tilreisande i indre Hardanger også. Harding Puls er frå før ganske "tunge" i ytre delane av regionen.

Me trur at ved eit samarbeid mellom fleire aktørar som representerer både det kunstinteresserte publikum, amatørkunstnarar og profesjonelle kunstnarar, saman med næringslivet, vil me kunne utvikla dette flotte og inspirerande arrangement som kan skapa gode ringverknader.


Me vonar på eit positivt svar.

Norheimsund / Utne 31.08.2017

Beste helsing for arrangørane  
*Harding Puls*  
v/ leiar Solfrid Aksnes



*Hardanger Kunstlag*  
v/ leiar Johild Mæland



### **Vedlegg:**

Budsjett og finansieringsplan.

Annonse med programmet for ODDArT 2017

## Budsjett og finansieringsplan

<b>ODDArT 2018</b>	<b>Inntekter</b>
Odda kommune	50 000
Hordaland Fylkeskommune	50 000
Sparebanken Vest	15 000
Hardanger Kulturfond	20 000
Odda BY	10 000
Sparebanksstiftinga Hardanger	50 000
Provisjonsinntekter av sal	5 000
Eigen andel Harding Puls	14 000
Andre sponsorar og tilskot	30 000
	<b>244 000</b>
	<b>Utgifter</b>
Prosjektarbeid	40 000
Honorar utøvarar	20 000
Vederlag visuelle kunstnarar	60 000
Utg. utstilling/produksjon	10 000
Frakt utgifter	5 000
Marknadsføring inkl design	30 000
Reiser, kost og logi deltakara	13 000
Workshop	50 000
Uforutsette utgifter	16 000
	<b>244 000</b>

Festleg manifestering av  
kunst frå **Hardanger**

- Salsutstilling i butikkane, på gata og andre stadar
- Kunst- og kulturdebatt i Litteraturhuset
- Ungdomsmønstring, opplesing, konsert, pop opp m.m.
- Kunstvandring med guide

# ODDART

## Kunsthelg 25.-26. august

I ODDA  
SENTRUM!

### Kunstnarar som deltar

Tone Aanderaa	-	vev
Soifrid Aksnes	-	bløtkunst
Eli Raa Nilsen	-	bløtkunst
Anne G. Digraes/Rolf Møzen	-	videoportrett
Reidun Breistig	-	smykke
Johild Mæland	-	bløtkunst og lavvoar
Aud Bækkelund	-	objekter, installasjonar
Åsne Digraes	-	fotograf
Siri Kvalfoss	-	smykke og objekter
Odveig Klyve	-	bløtkunst og diktlesing
Anne Hesvik	-	dekormåling på tre
Eis Geelen	-	bløtkunst
Kristi Skintveit	-	stoffer og vev
Judith de Haan	-	bløtkunst
Kwestan Jamal Bawan	-	bløtkunst
Ingunn van Etten	-	bløtkunst

### FREDAG 25.08:

09.00	Kunstutstillingane opnar i butikkar og lokale
11.00	Teknikkdemostrasjonar, Teltet, Gågata
12.00	Digvalley i Teltet, Gågata
13.00	Odveig Klyve les, Norli bokhandel
14.00	Offisiell opning øvst i Gågata
14.30	Kunstvandring, start ved Magneten øvst i Gågata. Kunstguide Kjell-Erik Ruud
16.00	Pop opp
17.00	Opning ungdomsutstilling, Meieriet
19.00	Kunst- og kulturdebatt, Sentralbadet litteraturhus Ordstyrar: Gro Tyssealdstveit Kollbotn
21.30	Kafé for alle, Sentralbadet Litteraturhus (Open kafé frå 09-01.00)

### LAURDAG 26.08:

09.00	Kunstutstillingane opnar i butikkar og lokale Sentralbadet litteraturhus opnar med kafé
10.30	Digvalley i Teltet, Gågata
11.30	Kunstvandring, start ved Magneten øvst i Gågata Guide Kjell-Erik Ruud
13.00	Kor i Vest, pop opp i Gågata
14.00	Dixiland i Teltet i Gågata Orkesterleiar Eirik Lothe og vokalist Sussi Bodèn
15.00	Poesikonsert, Sentralbadet litteraturhus Odveig Klyve, dikt Erlend Apneseth, hardingfele Stephan Meidell, gitar (Kaféen stenger kl. 18.00)

Arrangert av



**HARDANGER**  
Kunsting



Støtta av

**Hardanger Folkeblad**  
- Skal og Søren



**HORDALAND**  
FYLKESKOMMUNE



Sjansen i Norden Vest

**EUROSKO**  
ODDA



@oddart

#oddart